

KONSEKVENsutGREIING SKINFAKS/RIMFAKS IOR - HØYRING

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Operatøren må på ein langt tydelegare måte synleggjere at sentrale føringar om regional verdiskaping og arbeidsdeling vert tekne på alvor (jf. Petroleumslova, St.meld. nr. 38 (2003-2004) og NOU 2004:2).
2. Operatøren må presisere korleis føringane konkret skal innfriast for å gjere noko med det store misforholdet mellom Sogn og Fjordane sin nærleik til olje- og gassressursane og den aktivitet som i dag skjer i fylket.

Uprenta vedlegg:

Brev med plan for utbygging og drift for Skinfaks og endret plan for utbygging og drift for Rimfaks (l.nr. 018365/04)

Om utbygginga

Konsekvensutgreiinga (KU) er sendt på høyring med fråsegnfrist 22. desember. Utgreiinga gjeld utbygging og drift av oljefeltet Skinfaks samt utbygging og drift av auka oljeutvinningskapasitet (IOR – Increased Oil Recovery) på det eksisterande Rimfaks-feltet. Statoil er operatør for utbygginga.

KU er regulert i Petroleumslova. Føremålet er å leggje eit best mogleg grunnlag for å vurdere korleis utbygginga vil påverke miljø- og samfunnsinteresser, samt å syne moglege tiltak for å redusere negative effektar.

Utbygginga vil skje gjennom installasjon av èi brønnramme med fire brønnsliiser og éin satelitt med ei brønnsliise, med til saman fem produksjonsbrønnar. Brønnstraumen vil bli frakta til Gullfaks C-plattformen for prosessering og eksport. Produksjonen på Rimfaks IOR vil starte i november 2006, mens produksjonen på Skinfaks vil starte i februar 2007. Produksjonsperioden varer åtte til ti år. Utvinnbare mengder er rundt 6,04 millionar m³ olje samt 4,73 milliardar Sm³ gass og 0,95 millionar tonn NGL. Det er potensiale for tilleggsreservar.

Brønnrammene på havbotnen vil leggje beslag på ½ km². Alle installasjonane på havbotnen vil bli overtrålbare, og konsekvensane for fiskeflåten er vurderte som ubetydelege i driftsperioden. Sjølv om det er lite sannsynleg med akutte oljeutslepp, er det eit poeng at Sogn og Fjordane ligg mest utsett til om noko slikt skulle skje.

Dei totale investeringskostnadene er omlag 3,3 milliardar NOK (2004). Det er difor Olje- og energidepartementet som skal godkjenne utbygginga (terskelverdi for handsaming i Stortinget er 10 milliardar NOK). Samfunnsøkonomisk lønsemd er høg. Samla netto kontantstraum vert truleg over 3,4 milliardar NOK. Utbyggingfasen er venta å gje norsk verdiskaping på 2,2 milliardar NOK.

Samla nasjonale sysselsettingsverknader vert 6.300 årsverk fordelt over åra 2004 til 2006. I driftsfasen er sysselsettingseffekten moderat.

Konsekvensutgreiingsprosessen

Program for konsekvensutgreiing er tidlegare sendt på høyring. Hovudutval for plan og næring fatta i sak 29/04 følgjande vedtak.

”Statoil må, som operatør:

- *Føre ein tett dialog med fiskeriorganisasjonane for å minimere skadeverknader i forhold til arealbeslag og sesongaktivitetar.*
- *Legge vekt på at Regjeringa i St.meld. nr. 38 (2003-2004) igjen legg til grunn at aktiviteten på kontinentalsokkelen skal vise att i aktivitet på land. For felt på Tampen, som ligg utanfor Sogn og Fjordane, bør dette vere eit viktig signal.*
- *Gjere greie for kva type aktivitetar og kva aktivitetsomfang Sogn og Fjordane i lys av nemnde prinsipp kan vente i samband med både utbyggings- og driftsfasen av Skinfaks og Rimfaks IOR.”*

Statoil har kommentert dette på følgjande måte i kapittel 3.1.11.

- *”Når det gjelder forholdet til fiskeriinteressene så opplyser utbygger om at det vil være en nærmere dialog med de berørte parter for å minimalisere eventuelle konflikter som følge av utbyggingen.”*
- *”Utbygger opplyser videre at man i KU vil redegjøre for hvilke nasjonale og regionale, herunder i Sogn og Fjordane, sysselsettingsmessige konsekvenser som forventes i anleggs- og driftsfasen.”*

I kapittel 10.5 om regionale verknader skriv operatøren at det ikkje er mogleg å ta nasjonale eller regionale omsyn ved kontraktstildeling utan å kome i konflikt med innkjøpsdirektivet i EØS-avtala.

Operatøren peikar vidare på at hovudforsyningsbasen for Gullfaks-feltet er lokalisert på Sotra utanfor Bergen, mens Fjord Base i Florø er base for forpleiningstenester og delar av forsyningsverksemda. Helikoptertenester vert i hovudsak leverte frå Flesland. Desse områda vil truleg verte dei dominerande tenesteleverandørane i driftsfasen.

Vurdering

Fleire sentrale dokument legg føringar for drift av olje- og gassfelt på norsk sokkel:

- Petroleumslova § 1-2 slær fast at petroleumsressursene skal forvaltast i eit langsiktig perspektiv, slik at dei kjem heile det norske samfunnet til gode. I denne samanhengen skal det takast nødvendige omsyn til distriktpolitiske interesser.
- Regjeringa legg i St.meld. nr. 38 (2003-2004) igjen til grunn at aktiviteten på kontinentalsokkelen skal vise att i aktivitet på land.
- *NOU 2004:2 (Effektutvalet)* slær fast at grunnrenta framleis er så stor at lokalisering kan påverkast gjennom ein aktiv konsesjonspolitikk.

Dei faktiske forhold for aktivitet i Sogn og Fjordane samsvarer dårleg med desse føringane. 61. og 62. breiddegrad tilsvare mykje godt fylkesgrensene (forsiktig vurdering). I dette området er det i dag berre Statoil som driv olje- og gassfelt. Området står for 28 prosent av samla norsk oljeproduksjon, mens området står for 50 prosent av Statoil sin oljeproduksjon. Av samla sysselsetting i næringa, har Sogn og Fjordane derimot berre éin prosent (kjelde: Statistikk Aetat). Statoil har sjølv presentert innkjøp fordelt på fylke i 2003. Samla kjøp er 42 milliardar. Av dette vert det kjøpt varer og tenester for 340 millionar i Sogn og Fjordane. Kjøp i Sogn og Fjordane utgjør dermed 0,81 prosent av Statoil sine samla kjøp i Noreg.

At kontraktar ikkje kan tildelast til firma ut frå geografiske omsyn, utelukkar ikkje føringar om kvar aktiviteten skal skje. Felta som her er til vurdering er små. I området mellom 61. og 62. breiddegrad er det grunn til å tru at det meste av framtidige utbyggingar vil vere undervassinstallasjonar (som det her er tale om). Mange vil vere små med tilknytning til eksisterande infrastruktur. Skal ein få gjort noko med det grove misforholdet mellom ressursnærleik og aktivitet, og dermed innfri sentrale føringar, må difor både mindre og større utbyggingar inngå i omfordelingsvurderingar. For Gullfaks-området er det i dag ei arbeidsdeling mellom CCB og Fjord Base. Delinga er ikkje klårt definert, og det bør vere rom for å leggje større delar av aktiviteten til Sogn og Fjordane utan å utfordre gjeldande konsesjonsvilkår.